



Kommunen kan førerbels ikkje kommentera detaljar i forprosjektet, til dømes at den går inn for å leggja ein reinsestasjon i området midt på biletet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kommunen kan førerbels ikkje kommentera detaljar i samband med reinsetiltak for Uskedalen. Dette er framleis eit forprosjekt der ein ikkje har valgt endelege løysingar og plasseringar, men er i dialog med grunneigarar og andre. Det presiserar byggeleiar Jorunn Røsland Eide i tekniske tenester overfor uskedalen.no.

Ho lovar å koma meir detaljert attende til saka under eit ope møte som Bygdeutviklingsprosjektet skipar til 27. november.

Det er lagt opp til ein felles reinsestasjon for området frå Børnes til Beinavikjo og ein eigen reinsestasjon for Korsnes-området.

- Den siste er førebels tenkt lagt der det har vore båtbyggeri. Der var den allereie teikna inn då byggjefeltet vart planlagt. Her har vi ikkje hatt kontakt med grunneigarar fordi kommunen eig eit område sjølv som det kan bli aktuelt å nytta, seier Røsland Eide.

Kommunen fylgjer no opp hovudplanen for avløp der det skal gjerast reinsetiltak på avløpssida i samtlege bygder. No er turen kome til forprosjektet for Uskedalen, der det er planar om utbygging i 2007.

I skisseprosjektet som ligg føre opererer kommunen med plassering av den sentrale reinsestasjonen på Neset like sør for vegen over til Flatholm. Grunneigarane og andre undrar seg over ei så sentral plassering og peikar og på moglege transport- og luktpromblem.

- Eg kan ikkje kommentera detaljar, men berre peika på at det er vanleg med pumpestasjonar og reinseanlegg i bybygde område. Når det gjeld eventuelle luktpromblem, føreligg det moglegheiter for reinsing, påpeikar Røsland Eide.

Ho bekreftar at slammet skal fraktast vekk med bil, men kan ikkje kommentera eventuelle transportpromblem via den smale private vegen og "kollisjon" med ein svært viktig turveg.

Av Ola Matti Mathisen